



Utval: Formannskap/økonomiutval
Møtestad: Kommunestyresalen, Kommunehuset
Møtedato: 29.05.2019
Møtetid: 09:00 – 13:19

Fylgjande faste medlemmer var til stades:

Navn	Funksjon	Representerer
Svein Forberg Liane	Medlem	V
Halfdan Haugan	Ordfører	AP
Jon Svartdal	Varaordfører	H
Henry Mæland	Medlem	SP

Fylgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
Beate Marie Dahl Eide	MEDL	SP
Gunnar Eilefstjønn	MEDL	H
Hanne Norgaard	MEDL	AP

Fylgjande varamedlemmer møtte:

Navn	Møtte for	Representerer
Eivind Skogheim	Hanne Norgaard	AP
Kristian Espeland	Gunnar Eilefstjønn	KRF
Lars Bjaadal	Beate Marie Dahl Eide	SP

Til stades frå administrasjonen:

Navn	Stilling
Finn-Arild Bystrøm	Rådmann (Frå sak PS 32/19)
Frid Berge	Kommunalsjef (Fungerande rådmann tom PS 31/19)
Even Fossum Svendsen	Kommunalsjef (RS 49/19, deretter frå og med PS 33/19)

Protokollunderskrifter:

Halfdan Haugan

Henry Mæland

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka
	Saker til handsaming	
PS 27/19	Godkjenning av protokoll frå forrige møte	
	Referatsaker	
RS 36/19	Positivt vedtak Renovering av Ystebui på Kjos - John Olav Haugetuft	
RS 37/19	Positivt vedtak Ingebjørg Lognvik Reinholdt - Tilskot til plateinnspeling	
RS 38/19	Negativt vedtak Telemark Husflidslag Søknad om støtte til Firefylkes samling 2019	
RS 39/19	Positivt vedtak Nordsjø kammermusikkfest - Søknad om støtte til årets program	
RS 40/19	Positivt vedtak Harald Flaten-midler til restaurering av loftet på Nedre Strand	
RS 41/19	Positivt vedtak Telemark Kunstsenter - Søknad om økonomisk bidrag til Stipendutstillinga 2019	
RS 42/19	Regional klimaplan for Telemark 2019-2026	
RS 43/19	Vedtak Søknad om støtte til Sommar kick-off -Meieriet cafe, pub og pizza Fyresdal	
RS 44/19	Opprydningsaksjonar av eigarlaust avfall - Innspel til budsjett	
RS 45/19	Serveringsløyve Kule ting AS, Giske	
RS 46/19	Serveringsløyve Kule ting AS	
RS 47/19	Fordeling av Kulturmidlar til drift/adm. av lag og foreiningar, anlegg, 17. mai kom. og løypekjøring 2019	
RS 48/19	Søknad om utvida skjenkeløyve for Carthago Club treff 30.05.2019 - 01.06.2019	
RS 49/19	Orientering - bekymringsmelding frå foreldre	
	Saker til handsaming	
PS 28/19	Tenesteyting ved gravferder	
PS 29/19	Telespinn AS søknad om støtte - Kapasitetsutviding og prosesskontroll	
PS 30/19	Søknad om medfinansiering av forprosjekt - Møtestad Seljord	
PS 31/19	Generalforsamling E134 Haukelivegen AS	
PS 32/19	Generalforsamling Vest-Telemark kraftlag AS	
PS 33/19	Søknad om støtte for utvikling - Hagesenteret Høns n' Roses as	
PS 34/19	Revidert reglement for politiske møte	
PS 35/19	Tilskotsordning til kjøp av tøybleier i Seljord kommune og redusert bruk av plast i Seljord kommune	
PS 36/19	Flatdal som turiststad	
PS 37/19	Bærekraftig vidaregåande skuletilbod i Seljord kommune	

Merknad til RS 49/19 Orientering - bekymringsmelding frå foreldre

Merkand frå Henry Mæland (SP):

Formannskapet merkar seg innspelet frå foreldre om endringar i skule og barnehage hausten 2019 og administrasjonen sitt svar på dette. Endringane som er gjort har i hovudsak sin bakgrunn i innsparingstiltak som rådmannen er pålagt. Det er forståing for at færre valmoglegheiter i ordningane med SFO og barnehage kan ramme primære ynskje frå fleire familiar. Formannskapet ber rådmann legge fram nærare oversikt over dei reelle innsparingar som reduksjon i valmoglegheiter utgjer. Formannskapet legg vidare vekt på styrka informasjon og kontakt med foreldra om endringar innan skule og oppvekst (PO2)

Det er ynskje om at saka blir teke opp i neste formannskap, 13.06. Kommunalsjefen meiner at det blir for krevjande å få til før sommaren.

Lars Bjaadal (Sp): Ber om at innsendarane skal få ei skriftelg tilbakemelding om at saka blir teke opp att politisk i fyrste møte etter sommaren.

Lars Bjaadal reagerer på omgrepet bekymringsmelding, og meiner at det heller burde vere bruka melding eller tilbakemelding, då det er knytt andre konnotasjonar til bekymringsmeldingsomgrepet enn dette innhaldet. Han meiner at politikarane skal omtale saka med eit anna ord.

Avrøysting: Samrøystes for Henry Mæland (SP) sitt forslag.

Saker til handsaming

PS 27/19 Godkjenning av protokoll frå forrige møte

Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 29.05.2019

Protokollen frå 2. mai vart samrøystes godkjent.

Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 29.05.2019

Protokollen frå 2. mai er godkjent.

Referatsaker

- RS 36/19 Positivt vedtak Renovering av Ystebui på Kjos - John Olav Haugetuft**
- RS 37/19 Positivt vedtak Ingebjørg Lognvik Reinholdt - Tilskot til plateinnspeling**
- RS 38/19 Negativt vedtak Telemark Husflidslag Søknad om støtte til Firefylkes samling 2019**
- RS 39/19 Positivt vedtak Nordsjø kammermusikkfest - Søknad om støtte til årets program**
- RS 40/19 Positivt vedtak Harald Flaten-midler til restaurering av loftet på Nedre Strand**
- RS 41/19 Positivt vedtak Telemark Kunstsenter - Søknad om økonomisk bidrag til Stipendutstillinga 2019**
- RS 42/19 Regional klimaplan for Telemark 2019-2026**
- RS 43/19 Vedtak Søknad om støtte til Sommar kick-off -Meieriet cafe, pub og pizza Fyresdal**
- RS 44/19 Opprydningsaksjonar av eigarlaust avfall - Innspel til budsjett**
- RS 45/19 Serveringsløyve Kule ting AS, Giske**
- RS 46/19 Serveringsløyve Kule ting AS**
- RS 47/19 Fordeling av Kulturmidlar til drift/adm. av lag og foreiningar, anlegg, 17. mai kom. og løypekjøring 2019**
- RS 48/19 Søknad om utvida skjenkeløyve for Carthago Club treff 30.05.2019 - 01.06.2019**
- RS 49/19 Orientering - bekymringsmelding frå foreldre**

Saker til handsaming

PS 28/19 Tenesteyting ved gravferder

Rådmannen si tilråding:

Det lagas ein avtale mellom Seljord kommune, NAV og Seljord kyrkjelege fellesråd for handsame saker som faller innunder Gravferdslova § 9.

Kommunestyret gjer Seljord kyrkjelege fellesråd ved kyrkjevegen i Seljord ansvaret for å handsame dei praktiske forhold rundt utgiftar til gravferda som skal inngå i søknad om gravferdsstøtte til NAV.

Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 29.05.2019

Habiliteringsvurdering av Jon Svartdal, som er kyrkjeverje. Han vart vurdert som inhabil og trådde ut medan saka vart handsama.

Lars Bjaadal ber om at det blir gjort ei grundig språkvask av avtala før den blir lagt fram til signering.

Samrøystes vedteke med 6 stemmer, inkludert innspelet frå Lars Bjaadal.

Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 29.05.2019

Det lagas ein avtale mellom Seljord kommune, NAV og Seljord kyrkjelege fellesråd for å handsame saker som faller innunder Gravferdslova § 9.

Avtala må få ei grundig språkvask før den blir lagt fram til signering.

Kommunestyret gjer Seljord kyrkjelege fellesråd ved kyrkjevegen i Seljord ansvaret for å handsame dei praktiske forhold rundt utgiftar til gravferda som skal inngå i søknad om gravferdsstøtte til NAV.

PS 29/19 Telespinn AS søknad om støtte - Kapasitetsutviding og prosesskontroll

Rådmannen si tilråding:

Rådmannen rår formannskapet fatte følgjande vedtak; Seljord kommune løyver Telespinn AS kr 30.000,- for å auke produksjonskapasiteten og prosesskontrollen. Løyvinga er av Næringsfond/kraftfond.

Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 29.05.2019

Framlegg frå Henry Mæland (SP): Auke støtta til 60 000 kr.

Framlegg frå Jon Svartdal (H): Auke støtta til 40 000 kr.

Avrøysting: 5 mot 2 stemmer for forslaget til Jon Svartdal.

Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 29.05.2019

Seljord kommune løyver Telespinn AS kr 40.000,- for å auke produksjonskapasiteten og prosesskontrollen. Løyvinga er av Næringsfond/kraftfond.

PS 30/19 Søknad om medfinansiering av forprosjekt - Møtestad Seljord

Rådmannen si tilråding:

Rådmannen rår formannskapet fatte følgjande vedtak:
Seljord kommune løyver ikkje midlar til Møtestad Seljord AS til forprosjekt som omsøkt. Aktivitetane skissera i søknad bør vere innafor normal drift og er å sjå på som ein av primæroppgåvene selskapet skal levere på.

Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 29.05.2019

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 29.05.2019

Seljord kommune løyver ikkje midlar til Møtestad Seljord AS til forprosjekt som omsøkt. Aktivitetane skissera i søknad bør vere innafor normal drift og er å sjå på som ein av primæroppgåvene selskapet skal levere på.

PS 31/19 Generalforsamling E134 Haukelivegen AS

Rådmannen si tilråding:

Rådmannen rår formannskapet gjere følgjande vedtak;

Rådmannen viser til saksutgreiing og ber formannskapet drøfte dei ulike forslaga. Eigarskap i E124 Haukelivegen er politisk motivert, og rådmannen har difor ikkje ein innstilling til saka.

Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 29.05.2019

Kristian Espeland (KRF) ynskjer at administrasjonen tilrår i saker, sjølv om sakene er politiske.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 29.05.2019

Rådmannen viser til saksutgreiing og ber formannskapet drøfte dei ulike forslaga. Eigarskap i E124 Haukelivegen er politisk motivert, og rådmannen har difor ikkje ein innstilling til saka.

PS 32/19 Generalforsamling Vest-Telemark kraftlag AS

Rådmannen si tilråding:

Saka er av politisk karakter, så rådmannen gjev ingen innstilling.

Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 29.05.2019

Framlegg frå Henry Mæland (SP): Liv Grete Ekre stiller ikkje vidare til val i nytt styre. Forslag om Lars Bjaadal og Irene Aarbakk som nye kandidatar til styret.

Framlegg frå Halfdan Haugan: Forslag til kandidatar til styret bør bli handsama i lukka møte.

Møtet vart lukka for å handsame kandidatar til styret.

Habilitetsvurdering av Eivind Skogheim, som er vararepresentant i styret til VTK i dag. Han vart vurdert som inhabil og trådde ut medan saka vart handsama.

Habilitetsvurdering av Lars Bjaadal, som er foreslått som kandidat av Sp. Han vart vurdert som inhabil og trådde ut medan saka vart handsama.

Framlegg frå Halfdan Haugan: Forslag om Eivind Skogheim som kandidat til styret.

Framlegg frå Jon Svartdal: Forslag om Margit Elise Karlsen som kandidat til styret.

Avrøysting:

4 stemmer for Eivind Skogheim, 1 stemme for Lars Bjaadal.

4 stemmer for Irene Aarbak, 1 stemme for Margit Elise Karlsen.

Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 29.05.2019

Formannskapet har valt Eivind Skogheim og Irene Aarbak som kandidatar til styret i Vest-Telemark Kraftlag AS.

PS 33/19 Søknad om støtte for utvikling - Hagesenteret Høns n' Roses as

Rådmannen si tilråding:

Rådmannen rår formannskapet gjere følgjande vedtak;

Seljord kommune støtter Hagesenteret Høns n' Roses as med kr 30.000,- som nærings-/utviklingstilskot. Løyvinga er av Næringsfond/ kraftfond.

Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 29.05.2019

Framlegg frå Henry Mæland (SP): Auke støtta til 40 000 kr.

Henry Mæland (SP) sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 29.05.2019

Seljord kommune støtter Hagesenteret Høns n' Roses as med kr 40.000,- som nærings-/utviklingstilskot. Løyvinga er av Næringsfond/ kraftfond.

PS 34/19 Revidert reglement for politiske møte

Rådmannen si tilråding:

Seljord kommunes reglement for politiske møter gjør følgande revidering for § 23- Spørjetime:

Før møte i kommunestyret blir sett blir det avsett inntil 30 min. til spørjetime. Det er ikkje høve til å stille spørsmål etter at møtet er sett. Spørjetimen skal kunngjerast saman med kommunestyret.

Alle innbyggjarane i kommunen kan stille spørsmål. Spørsmåla kan leverast inn skriftleg til ordføraren eller bli stilt direkte i møte. Ordføraren avgjer kven som skal svare på spørsmåla.

Ved handsaming av spørsmål, kan berre spørjaren og ordførar/den ordførar ber om få ordet. Spørjaren får ordet for å stille spørsmålet og ordførar/den ordførar ber om får ordet for å gi svaret. Taletid er avgrensa til 3 minutt. Kvar av dei kan i tillegg få ordet ein gong med taletid på inntil 2 minutt for å stille eventuelt tilleggsspørsmål og gje svar på dette. Ingen andre har høve til å få ordet eller ta del i handsaminga av spørsmålet. Det er ikkje høve til replikk.

Spørsmål som ikkje kan bli svara på direkte blir svara på iht forvaltingslovens krav, og referera til i neste møte.

Spørsmåla skal gjelde kommunale tilhøve. Spørsmåla skal ikkje gjelde saker som er til handsaming i møte.

Blir det tvil om tolking eller praktisering av retningslinene, avgjer møteleiar spørsmålet.

Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 29.05.2019

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 29.05.2019

Seljord kommunes reglement for politiske møter gjør følgende revidering for § 23- Spørjetime:

Før møte i kommunestyret blir sett blir det avsett inntil 30 min. til spørjetime. Det er ikkje høve til å stille spørsmål etter at møtet er sett. Spørjetimen skal kunngjerast saman med kommunestyret.

Alle innbyggjarane i kommunen kan stille spørsmål. Spørsmåla kan leverast inn skriftleg til ordføraren eller bli stilt direkte i møte. Ordføraren avgjer kven som skal svare på spørsmåla.

Ved handsaming av spørsmål, kan berre spørjaren og ordførar/den ordførar ber om få ordet. Spørjaren får ordet for å stille spørsmålet og ordførar/den ordførar ber om får ordet for å gje svaret. Taletid er avgrensa til 3 minutt. Kvar av dei kan i tillegg få ordet ein gong med taletid på inntil 2 minutt for å stille eventuelt tilleggsspørsmål og gje svar på dette. Ingen andre har høve til å få ordet eller ta del i handsaminga av spørsmålet. Det er ikkje høve til replikk.

Spørsmål som ikkje kan bli svara på direkte blir svara på iht forvaltingslovens krav, og referera til i neste møte.

Spørsmåla skal gjelde kommunale tilhøve. Spørsmåla skal ikkje gjelde saker som er til handsaming i møte.

Blir det tvil om tolking eller praktisering av retningslinene, avgjer møteleiar spørsmålet.

PS 35/19 Tilskotsordning til kjøp av tøybleier i Seljord kommune og redusert bruk av plast i Seljord kommune

Rådmannen si tilråding:

1. Seljord kommune ber Renovest IKS innføre ei ordning med eingongsstøtte på kr 2 500,- per barn til innkjøp av tøybleier.
2. Forslag til vilkår for ordninga: Det må søkast før barnet fyller 2 år, og det må leverast éin søknad per barn. Det må også leggst fram kvittering for kjøp av bleier. Dersom det er

- kjøpt brukte tøybleier, må det ligge føre kvittering som dokumenterer kjøpesummen, signert av både kjøpar og seljar.
3. Seljord kommune vil slutte å kjøpe og bruke eingongsplast i drifta så langt det let seg gjere. Vedtaket gjeld frå d.d.
 4. Seljord kommune vil setje krav i framtidige anbodsrundar om at plast på varer, innpakking og emballasje vert redusert til eit minimum.

Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 29.05.2019

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 29.05.2019

1.Seljord kommune ber Renovest IKS innføre ei ordning med eingongsstøtte på kr 2 500,- per barn til innkjøp av tøybleier.

2. Forslag til vilkår for ordninga: Det må søkast før barnet fyller 2 år, og det må leverast ein søknad per barn. Det må også leggst fram kvittering for kjøp av bleier. Dersom det er kjøpt bruka tøybleier, må det ligge føre kvittering som dokumenterer kjøpesummen, signert av både kjøpar og seljar.

3. Seljord kommune vil slutte å kjøpe og bruke eingongsplast i drifta så langt det let seg gjere. Vedtaket gjeld frå d.d.

4. Seljord kommune vil setje krav i framtidige anbodsrundar om at plast på varer, innpakking og emballasje vert redusert til eit minimum.

PS 36/19 Flatdal som turiststad

Rådmannen si tilråding:

Rådmannen rår formannskapet å gjere følgjande vedtak;
Seljord kommune søker Fylkesmannen om å godkjenne Flatdal som typisk turiststad gjennom heile året. Slik at joker Flatdal kan få ha sundagsope butikk innanfor ei tidsramme på 09 -19.

Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 29.05.2019

Saka er prinsipiell og skal derfor vidare til kommunestyret.

Avrøysting: 5 mot 2 stemmer mot rådmannen si tilråding.

Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 29.05.2019

Seljord kommune vedtek å ikkje søke Fylkesmannen om å godkjenne Flatdal som typisk turiststad gjennom heile året, for å gje Joker høve til opningstider utover normalen.

PS 37/19 Bærekraftig vidaregåande skuletilbod i Seljord kommune

Rådmannen si tilråding:

Seljord kommune stør eit fortsatt kvalitetsmessig godt og tidsmessig aktuelt skuletilbod ved Vest-Telemark vidaregåande skule avdeling Seljord, og ber fylkestinget fylgje Hovudutval for kompetanse i Telemark fylkeskommune sitt vedtak datera 9. mai 2019:

Seljord kommunestyre rår fylkestinget til å gjere følgjande vedtak:

Fylkestinget ber fylkesrådmannen legge rapporten til Telemarksforskning til grunn for det vidare arbeidet med å sikre eit bærekraftig tilbod ved Vest-Telemark vidaregåande skole, avdeling Seljord.

Forslaga i rapporten må vurderast grundig opp mot overordna mål og konsekvensar for dei omkringliggjande skulane (Bø vgs, Nome vgs, Vest-Telemark vgs avd. Dalen, Rjukan vgs og Notodden vgs), næringslivet sitt behov for kompetanse, økonomi i varig drift, kostnadar og verknad knytt til å utvikle og etablere nye tilbod ved avdelinga i Seljord.

Fylkestinget ber om at det blir fremja ei sak om tilbodet i Seljord innan desember 2019.

Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 29.05.2019

Sendes til fylkestinget 09.06.2019.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 29.05.2019

Seljord kommune stør eit fortsatt kvalitetsmessig godt og tidsmessig aktuelt skuletilbod ved Vest-Telemark vidaregåande skule avdeling Seljord, og ber fylkestinget fylgje Hovudutval for kompetanse i Telemark fylkeskommune sitt vedtak datera 9. mai 2019:

Seljord kommunestyre rår fylkestinget til å gjere følgjande vedtak:

Fylkestinget ber fylkesrådmannen legge rapporten til Telemarksforskning til grunn for det vidare arbeidet med å sikre eit bærekraftig tilbod ved Vest-Telemark vidaregåande skole, avdeling Seljord.

Forslaga i rapporten må vurderast grundig opp mot overordna mål og konsekvensar for dei omkringliggjande skulane (Bø vgs, Nome vgs, Vest-Telemark vgs avd. Dalen, Rjukan vgs og Notodden vgs), næringslivet sitt behov for kompetanse, økonomi i varig drift, kostnadar og verknad knytt til å utvikle og etablere nye tilbod ved avdelinga i Seljord.

Fylkestinget ber om at det blir fremja ei sak om tilbodet i Seljord innan desember 2019.